



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon  
Haldis Håpoldøy, 5557 2256

Vår dato  
24.04.2017  
Dykkar dato

Vår referanse  
2017/5361  
Dykkar referanse

Kommunane i Hordaland

### Tilskot til leirskoleopplæring for budsjettåret 2017 - kap. 0225 post 66

Tilskot til leirskoleopplæring for budsjettåret 2017 vert gjeve etter opplæringslova § 2-3 første ledd, og reviderte rettingsliner frå Utdanningsdirektoratet 1.1.2012:

<https://www.udir.no/om-udir/tilskudd-og-prosjektmidler/midler-kommuner/tilskott-til-leirskoleopplaring/>

Tilskot til leirskoleopplæring vert utbetalt etterskotsvis to gonger i året, til heimekommunen for dei gruppene som har vore på leirskole. Det vert gitt maksimalt tilskot for inntil 27,5 klokkeimar pr. gruppe elevar som reiser samla på leirskoleopphald, og har minst 3 overnattingar.

Ei gruppe består av 16 til 22 elevar. Dersom ein kommune/skole har totalt 23 elevar som skal på same leirskoleopphald, kan elevane delast i to grupper. Har ein kommune/skole færre enn 16 elevar som skal på same leirskoleopphald, skal det gjevast tilskot for ei gruppe.

Satsen for tilskot i 2017 er kr. 585,- pr. time (60.min).

Leirskoleopphald må dokumenterast. Dette gjer ein ved å leggja ved stadfesting frå leirskolen, kopi av faktura og elevteljingsskjema som viser gjennomført leirskoleopphald.

Vi ber om at refusjonskrav for våren 2017, elevtellingsskjema og prognoseskjema for hausten 2017 vert sende til [fmhpostmottak@fylkesmannen.no](mailto:fmhpostmottak@fylkesmannen.no)

Søknadsfrist for vårhalvåret er 16. juni og 15. november for hausthalvåret. For seint innkomne refusjonskrav i hausthalvåret kan ein ikkje rekna med å få dekkja.

Med helsing

Anne Hjermann  
utdanningsdirektør

Haldis Håpoldøy  
seniorkonsulent

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

